

Hei.

I samband med søknad om utvida biomasse på lokalitet Langøy i Lindås kommune så har eg har fått i oppdrag av Eide Fjordbruk AS / Fyllingsnes Fisk AS å komma med ein fiskehelseuttalelse for dei siste to generasjonane på lokalitetane. Eg var ansatt som Produksjonsleiar/fiskehelseansvarleg i Eide Fjordbruk AS frå juni 2011 og fram til 1. mars 2016. Myndighetspålagt fiskehelsetilsyn på lokaliteten vart utført av Carl Wangel ut 2014, og av Ole Edvard Hagen i Fishguard frå utsett vår 2015.

**Utsett våren 2013:**

540.000 stk smolt vart satt ut på lokaliteten 22. mars – 23. april 2013. Snittvekt ved utsett var frå 93 – 170 gram. Dødelighet frå utsett og fram til slakt var svært låg med 2,72 % (frå 1,07 til 5,13 % på merdnivå). Det var ingen spesielle diagnosar på dette utsettet. Viser til tabell i vedlagt word-dokument. Gjennomsnittleg tilvekst, SGR, frå utsett til slakt var høg, 0,93 %. Dette utsettet vann EWOS sin årlege kåring av «Framifrå produksjon av laks, V13» (<http://www.efb.no/#!/EWOS-Pris-2016/tmqmf/56dd6d310cf2a23c3de96861>)

**Utsett våren 2015:**

567.320 stk smolt vart satt ut på lokaliteten 16.-17. april 2015. Snittvekt ved utsett var frå 130 – 200 gram. Dødelighet frå utsett og fram til slakt var låg med 7,9 % (frå 5,57 til 11,85 % på merdnivå). Viser til figur i vedlagt word-dokument. Det var ingen spesielle diagnosar på dette utsettet utanom HSS (Haemorragisk smoltsyndrom) rett etter utsett og behandlingdødelegheit (må derimot ta forbehold om at eg ikkje har hatt full innsyn i fiskehelsestatus etter 1. mars 2016). Viser til figur i vedlagt word-dokument over dødelegheit pr veke, samt viktigste dødelegheitsårsaker. Årsaken til HSS-dødelegheiten etter utsett var stor smolt som måtte opphaldast lenger enn planlagt i settefiskanlegget i påvente av at det nye anlegget på lokaliteten skulle bli klart for utsett. Gjennomsnittleg tilvekst, SGR, frå utsett til slakt var høg, 0,927 %.

Etter å ha fulgt tre smoltutsett på lokalitet Langøy så ser eg på lokaliteten Langøy som godt eigna for storskala lakseproduksjon.

Med venleg helsing / Best regards

---

**Arne Herre Staveland**

Fiskehelseleder Region Sør/ Fish Health & Welfare Manager, Region South  
MARINE HARVEST NORWAY AS

---

MOBILE: +47 93 43 85 12  
DIRECT: +47 21 56 23 26  
MAIL: [arne.herre.staveland@marineharvest.com](mailto:arne.herre.staveland@marineharvest.com)

---

OFFICE: Sandviksboder 77AB  
Pb. 4102 Sandviken  
5835 Bergen

---